



Notat

Emne: Referat frå møte i Underutvalet for vilt og innlandsfisk - 13.03.18

Oppmøte: André Michelsen, Jan Gunnar Vaktskjold, Dag Sætre, Øystein Frotaule, Jannicke Helland og Andreas Granli.

Jannicke vert introdusert som nytt medlem av Underutvalet etter at Liv Berit Rath gjekk ut som medlem. Setter opp ny liste over medlemmane i underutvalet.

Saksliste

1. Godkjenning av innkalling
- Hjorteteljinga skulle stått som eiga sak. Elles vart innkallinga godkjend utan kommentarar.
2. Godkjenning av referat frå møte 26.05.17
- Referatet vert godkjend, men noke lang tid frå møte til utsending.
3. Søknadar om viltfond
- Radøy skyttarlag
André er tilknytta laget og går ut mens saka vert diskutert.
Det er søkt om eit stort beløp, skyttarlaget har fått støtte tidligare. Bana er ein viktig samlingsplass for jegerane på Radøy. Søknaden skulle vore meir utfyllande. Underutvalet stettar søknaden, men ber om at skyttarlaget kjem med utfyllande informasjon om budsjett og om det er søkt om andre midlar til tiltaket før søknaden går til hovudutvalet. Søknaden vert tilrådd støtta, Andreas vert bedt om å innhenta utfyllande informasjon frå skyttarlaget.

- Søre Radøy grunneigarlag
Nytt konsept i forhold til viltfondsmidlar på Radøy. Det vert diskutert om det er rett bruk av viltfondsmidlar å støtte jaktbu og om viltfondet kan nyttast til slikt viltstell? Det vert sett positivt på viltstellet og verdien av at nye jegerar slepp til. Underutvalet ønskjer å støtte tiltaket med halvparten av omsøkt sum. Det bør stillast krav om liste over dei som har brukt bua i sesongen. Underutvalet ser på tiltaket som eit prøveprosjekt og ikkje som noke som setter presedens.

- Jakt og fiskelaget
Kan stillast krav om at det vert oppretta ein åteplass på Radøy om det skal støttast. Det vert stilt spørsmålsteikn ved summen. Det vert bemerkta at dugnadssummen er kunstig høgt i forhold til dei andre søknadane som er mottekne. Det vert tilrådd at søknaden vert støtta med halvparten av omsøkt beløp. Eit slikt tilbod til ungdommen er eit veldig godt tiltak og ein god start for unge jegera.

Smårovviltkort og samarbeid mellom grunneigarane vert diskutert. Åtejakt kan vere eit betre tiltak, det krevjer og færre gunneigarar sitt samtykke.

4. Sikring av vegstrekk med mykje hjort

- Dynamisk skilting, Dag fortel frå hjorteviltseminaret. Ikkje den effekten som venta med slike skilt. Mykje kjem kanskje av den ekstreme vinteren denne sesongen. Ein god del innkjøringsproblem. Framleis optimisme om prosjektet. Det bør leggast press frå kommunen på vegvesenet angående skilting. Vegvesenet må eventuelt ta tak i det i forbindelse med nyvegen. Det var fleire spørsmål om skiltinga og framgangsmåten. Usikkert kva eit slikt system kostar? Kan kommunen og fylket få til ein prøveordning på gamle veggen? Fleire ganger har det vore ulukke der svært lite skal til før liv går tapt. Kan me få midlar frå trafiksikkeringspakka? Fylkeskommunen er dei klar over problemet? Problemet må synleggjerast for andre innstansar. Kontakt vegvesenet angående slike skilt. Merk og at ledlys på nye bilar gjer at du vanskelegare ser hjorten i mørket.

Underutvalet vil at kommunen utarbeidar eit skriv om påkjørslar og eventuelt kjem til trafiksikkeringsplana til kommunen. Problemet er stort og konsentrert på eit lite område. Opp som egen sak til hovudutvalet i sommar/haust.

5. Fellingsresultat 2017

- Andreas legg fram fellingsresultat frå 2017:

78 % av tildelt kvote vart felt. Fordelinga på kjønn og alder er god. 198 felte dyr i 2017. 56 kalvar og 142 vaksne dyr. 28% av dei felte dyra er kalv, kunne godt ha vore litt høgare andel kalv.

Elles 12 vald som har levert sett hjortskjema. Framleis vanskeleg å få registrert alle, tips at kvar jeger kan ha eit eget skjema å fylle ut slik at alt vert med.

Teljedato 7. april og 21 ev 14. og 28. april. Andreas sender brev til dei andre kommunane sjølv om det truleg vert berre Austrheim, Fedje og Radøy som vidareførar ordninga.

Sett hjort vert tema på valdleiar møte. Godt verktøy som me vil at fleire skal ta i bruk. Ha fokus på innmelding av slaktevekt.

6. Gåseplan

-Andreas orienterar om plan. Arbeidet er i hovudsak ferdig, men planen må gjennom korrektur og opp til godkjenning.

7. Ettersøk

- Kommunen manglar avtale med hundeførarar. Jakt og fiskelaget sine ekvipasjer vert ofte brukt på Radøy. Underutvalet Kommunen bør gå inn og støtte fiskelaget som ein samlande organisasjon. Andreas tar kontakt med dei og tilbyr standardkontrakten som er brukt tidligare.

8. Ymse

- Det vert diskutert skrantesjuka og prøvetaking av fallvilt. Vanskelig tema og er det like ille som det vert sagt? Landbrukskontoret tek CWD prøve av fallvilt, ingen CWD i dyra som er testa til no.

- Bukett, til Ann Beate Rath for innsatsen med livbøyer.

- Haustmøte 2018 slutten av august

Tore Wiers er ein aktuell foredragshaldar.

Innrapportering av sett hjort vert tema på haustmøte

-Slutten av mai/straten av juni, Underutval og valleiarmøte.

Saksbehandlar: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Andreas Granli

Vår referanse: 15/1799 - 18/8309 / FA - K40

Dato: 25.05.2018